

K J Ø P E K O N T R A K T

Mellan ordføraren i Radøy på vegne av Radøy kommune

og Geir Smith

adr. 5120 MANGER

eigar av gnr. 45 bnr. 32

i Radøy kommune

er idag inngått følgjande kjøpekontrakt:

I samband med bygging av fylkesvegen nr. 410 anlegg Marås - Mangerøy parsell Manger - Urhaug gjennom Radøy kommune har underskrivne grunneigar bunde seg til å avstå naudsynleg grunn mot følgjande makebyte med Radøy kommune:

0. Turvande veggrunn av gnr. 45 bnr. 32 vert bytt mot 2 delar av gnr. 45 bnr. 171 mot nordvest avgrensa av gnr. 45, bnr. 5 og prosjektert fylkesveg.

1. Vegvesnet avgjer kor mykje grunn som går med til veganleggget.
2. Naudsynlege omleggingar av offentlege og private kloakkar, dreinsleidningar, elektriske anlegg, herunder telefon, blir utført og kosta av vegvesnet. Det framtidige vedlikehald av leidningane fell på eigaren av leidningane.
3. Eventuelle skader som oppstår under anlegget, blir dekt etter skjønn etter veglova § 60 dersom ikkje partane blir einige om erstatning.
4. Vegvesnet kan ta grunnen i bruk når denne kontrakt er underskriven. Med mindre vefsjefen avgjer noko anna, skal grensene for fylkets eigedomsområde etter denne kontrakt fastleggjast når anlegget er ferdig og merkast med faste grensemerke. Det skal då setjast opp eit heimelddokument i 2 eksemplar som skal ha arealoppgåve med grenseutgreiing. Grunneigaren og vegvesnet får kvar sitt eksemplar.
5. Grunneigaren kan krevja førebels oppgjer når grunnen blir tatt i bruk. Endelig fastsetting av kjøpesummen blir gjort når veganleggget er ferdig og grensene er trekte opp i samsvar med det som er sagt under pkt. 4.
6. Avtalen er ikkje bindande for vegvesnet utan godkjenning frå Vegdirektoratet.
7. Kommunen tek gjerdeplikta langs den nye fylkesvegtraceen. Gjerdeplikta mot gnr. 45, bnr. 171 vert som før hjå gnr. 45 bnr. 32.
8. Grunneigaren skal ha traktortilkomst til både teigane forutan undergang for dyr.

Manger 24. juli 1979

Manger , august 1979

Geir Smith
grunneigar gnr. 45 bnr. 32

ordførar

Ordføraren i Radøy



RADØY KOMMUNE

GEIR SMITH,

5120 MANGER.

Dykkar ref.

Vår ref.
OSN

Dato:
06.08.1992.

VEDK. AVTALE MELLOM RADØY KOMMUNE OG EIGAR AV GNR.45,
BNR.32, GEIR SMITH.

Vi syner til skriv frå Geir Smith til Radøy kommune,
dagsett 18.05.92.

Avtalen mellom Radøy kommune og Geir Smith frå 1979 er
framleis gjeldande, og det er denne som regulerer kommunen
si gjerdeplikt i denne saka.

Vi reknar med at dette skulle vera avklarande, og ber om
orsaking for seint svar.

Olav Steinar Namtvedt
Olav Steinar Namtvedt
ordførar